

BUR1- 5 Burettslag

Forsikring for burettslag og sameige

Gjeld frå 01.01.2020

møretrygd



Forsikring for burettslag og sameige

I tillegg til desse vilkår gjeld:

Generelle vilkår.

Forsikringsbeviset med gjevne spesifikasjonar og særtilkår.

Forsikringsavtalelova av 16. juni 1989 så langt det ikkje er gjort unntak i vilkåret.

Forsikringsbeviset med gjevne spesifikasjonar og særtilkår gjeld føre vilkåret.

Innhald

A Kva skader som vert dekt

1. Brann
2. Elektrisk fenomen
3. Røyrbrot
4. Vatn og anna væske
5. Tjuveri og hærværk
6. Brotskade på glas og sanitærporselen
7. Brotskade på Tv-kablar, varmekablar
8. Snøtyngde, snøpress, ras frå tak
9. Vind svakare enn storm
10. Innvendig frostskaade
11. Naturskade
12. Luftfartøy som råkar ting
13. Ekstraordinær sviikt i bygningen sin konstruksjon
14. Andre skadar
15. Felles avgrensingar

B Kva som er forsikra

1. Bygningar
2. Bygningsmessige forandringar
3. Bygningsmessige forandringar/tilbygg
4. Bygningsmessig tilleggsinnreiing
5. Tv-kablar og varmekablar
6. Felles antenneanlegg
7. Grasklippar, snøfresar, o.l.
8. Inventar, lausøyre og fyringsolje
9. Utvendig vassbasseng, hageanlegg
10. Riving, rydding og bortkøyring
11. Lagring og destruksjon
12. Påbod frå offentlig styresmakt
13. Prisstigning etter skadedag
14. Burettslaget sitt husleigetap

C Erstatningsutrekning

1. Bygning
2. Maskiner og lausøyre
3. Tilleggsdekningar
4. Skjønn
5. Eigendel
6. Aldersfrådrag

D Andre reglar

1. Kven forsikringa gjeld for
2. Kvar forsikringa gjeld
3. Forsikringssummar
4. Diverse reglar ved skade
5. Ansvarsavgrensingar som fylgje av handlingar og forsømingar

Anna som er dekt under dette vilkåret

E Burettsinnehavar sitt husleigetap

1. Kven forsikringa gjeld for
2. Kva som er forsikra
3. Erstatningsutrekning

F Ansvarsforsikring

1. Kva forsikringa omfattar
2. Kva forsikringa ikkje omfattar
3. Sikkringskrav
4. Forsikringssum
5. Eigendel
6. Sikra sine plikter ved skadetilfelle
7. Behandling av erstatningskrav
8. Regress

G Styreansvarsforsikring for burettslag

1. Kven forsikringa gjeld for
2. Kva styreansvarsforsikringa omfattar
3. Når styreansvarsforsikringa gjeld
4. Kva styreansvarsforsikringa ikkje omfattar
5. Forsikringssum og eigendel
6. Sikkringskrav
7. Sikra sine plikter ved skadetilfelle
8. Behandling av erstatningskrav
9. Regress

H Underslagsforsikring

- 1.1 Kva underslagsforsikringa omfattar
- 1.2 Direkte økonomisk tap
- 1.3 Når forsikringa gjeld
2. Kva forsikringa ikkje omfattar
3. Forsikringssum
4. Eigendel
5. Sikra sine plikter ved forsikringstilfelle
6. Utbetaling av erstatning og oppgjør frå den skuldige

I Yrkesskadeforsikring

J Rettshjelpsforsikring

1. Utgifter Selskapet dekker
2. Utgifter Selskapet ikkje dekker
3. Forsikringssum og eigendel
4. Skadeoppgjør

K Dugnadsforsikring

1. Kven forsikringa omfattar
2. Kvar forsikringa gjeld
3. Når forsikringa gjeld
4. Forsikringssummar
5. Kva skader det vert svara for og kva avgrensingar som gjeld
6. Avgrensingar
7. Skadeoppgjør

A. Kva skader som vert dekt

Forsikringa omfattar fysiske skader på ting - som er skjedd i forsikringstida. Utgifter til vedlikehald eller forbetringar er ikkje omfatta.

A.1 Brann

A.1.1 Selskapet svarar for skade ved

- brann, dvs. eld som er komen laus.
- brå og uventa nedsoting frå eldstad.
- eksplosjon.
- direkte lynnedslag. Med direkte lynnedslag er meint at tingene direkte er treft av lynet og er tydelig merka av lynnedslaget.

A.1.2 Unnateke er

- skade på forbrenningsmotor ved eksplosjon i denne.
- skade på transformator, elektrisk maskin, apparat, datautstyr, ved eksplosjon i desse.

A.1.3 Kva sikringskrav som gjeld

Sikringskrav om kva sikra må gjere for å unngå skade

I forsikringspolisen er det nemnt at det til avtalen er knytta sikringskrav. Sikringskrava gjeld og for eventuelle dekningar etter særskilt avtale (særtilkår). Dersom sikra ved handling eller forsøming av å halde sikringskrava, eller forsømer å sjå til at dei vert haldne, kan retten til erstatning falle bort eller verte redusert, jf. forsikringsavtaleloven § 4-8. Einskilde sikringskrav kan vise til lov, forskrift, norm eller liknande som skal fylgjast. Ved å vende seg til selskapet, vil forsikringstakar få eit eksemplar av lova/forskriften det vert vist til.

Sikring mot brann

FG: Forsikringsselskapenes Godkjennelsesnemnd
Oppgåve over FG-godkjent materiell og utstyr kan hentast på FG's internettside <http://www.fg.fnh.no>, eller ein kan få det ved å ta kontakt med forsikringsselskapet.

A.1.3.1. Offentlege lover og forskrifter

Offentlege lover og forskrifter vedrørende bygningen sin tilstand og bruk skal vere følgde. Dette gjeld særleg lov om brannvern og lov om tilsyn av elektriske anlegg med tilhøyrande forskrifter, men og offentlege reglar knytta til den verksemd som vert dreven i bygningen.

Offentlege lover og forskrifter gjeld i sin heilheit, men nedanfor er ein skilde punkt gjevne att.

- Bebuarar skal vere orientert om brannforebyggande tiltak, bruk av sløkkeutstyr og alarmer.
- Sløkkeutstyr skal finnast på avmerka plass i teknisk god stand. Kontroll skal vere gjort minst ein gong kvart år, og utstyr skal tydeleg merkast med nemning av siste kontrolldag.
- Brannskillande bygningskonstruksjonar skal vere utført og haldne i funksjonsmessig stand i samsvar til paragraf 2-4 Forskrift om brannforebyggande tiltak og tilsyn av 26. Juni 2002.
- Brannører og -lemmar skal i alle høve vere lukka når bygget er forlete. Brannører og -lemmar kan haldast opne dersom dei er utstyrt med automatisk lukkeinnetning. Slikt utstyr skal funksjonskontrollerast minst ein gong per måned.
- Feil og manglar ved elektriske anlegg skal straks rettast i samsvar med gjeldande forskrifter. Provisoriske

anlegg skal utførast og nyttast i samsvar med forskrift.

A.1.3.2 Orden og reinhald

Det skal vere etablert faste rutiner for avfallshandtering. Avfall og brennbart materiell skal handterast og lagrast på ein slik måte at det ikkje medfører påtenningsfare, sjølvantenningsfare eller brannspreidningsfare, verken innandørs eller utandørs. Spesialavfall skal handterast etter gjeldande forskrifter. Avfall som kan sjølvantenne og avfall som kan avgje brennbare gassar skal straks fjernast til betryggande stad eller leggest i dertil godkjend beholdar.

A.1.3.3 Plassering av avfallsbeholdarar

Brennbart avfall og brennbare materialer som ligg fritt eller i container, søppelkasse, papirkorg eller liknande utan permanent tilsyn skal:

- plasserast slik at brann i desse ikkje kan smitte til bygning
 - plasserast minst fem meter frå brennbar yttervegg.
 - ikkje plasserast under tak, i skur eller ved vindusåpning
 - plasserast i låst bygning eller vere tømt i helgane
- Brennbart avfall og brennbare materialer kan likevel plasserast nærmare bygning eller stå ute i helgene dersom det er oppbevart i lukka og låst container/oppbevaringseining konstruert slik at brann ikkje kan spreie seg frå containeren/oppbevaringseininga

A.1.3.4 Varmt arbeid - definisjon :

Med varmt arbeid er meint arbeid der det vert nytta arbeidsverktøy og -utstyr som genererer gnister og varme som kan føre til brann. Varmt arbeid omfattar også bruk av open flamme, varmlufts-, sveise-, skjære-, og slipeutstyr.

Kvar sikringskrava gjeld

Sikringskrava gjeld ved utføring av varmt arbeid i alle miljø med brannrisiko.

Unnateke er varmt arbeid som utførast i spesielt tilrettelagte produksjons- og verkstadrom. Rommet skal vere skilt frå annan verksemd som eigen branncelle. Denne skal ha ubrennbare overflater.

Avtale med ekstern håndverker/entreprenør

Dersom varmt arbeid skal utførast av ekstern håndverker/entreprenør skal sikra se til at sikringskrava inngår i skriftleg avtale eller kontrakt med denne.

Sikringskrav

-Arbeidsinstruks for utføring av varmt arbeid utgitt av Finans Norge eller tilsvarande instruks skal vere fylt ut og signert før utføring av arbeidet. Arbeidsinstruksen er tilgjengeleg på www.fqsikring.no

-Alt brennbart materiale i risikoområdet der varmt arbeid utførast skal vere fjerna eller beskytta.

-Åpningar i gulv, vegger og tak i risikoområdet der varmt arbeid utførast skal vere tettet.

-Egna slukkeutstyr i forskriftsmessig stand, minimum 2 stk 6 kg/liter håndslukkeapparat skal vere lett tilgjengeleg. Et håndslukkeapparat kan erstattes med brannslange påsatt vann fram til strålerøret.

-Navngitt brannvakt skal kontinuerleg overvåke brannrisiko under arbeidet, i pauser og nødvendig tid etter at arbeidet er avslutta, minimum 1 time. Utførande kan vere brannvakt der risikoen vurderast som låg.

-Brannvakt og utførande skal ha gyldig sertifikat for utføring av varmt arbeid frå Norsk Brannvernforening eller samarbeidande organisasjon i øvrige nordiske land.

A.1.3.5.Tak

I tillegg til punkta A.1.3.4 og A.1.3.4 ovanfor gjeld følgjande sikringskrav ved arbeid på tak

-Det er forbod mot bruk av open flamme på oppføra og lufta tretak.

-Ved bruk av open flamme på kompakte og øvrige tak skal brennbar isolasjon vere beskytta med minst 30 mm ubrennbar isolasjon. Ved bruk av open flamme skal det vere ei sikringsavstand på minst 60 cm til parapet, gesims, gjennomføringar, sluk eller lignande som består av brennbare materialer.

A.1.3.6. Sertifikat

Personar som nyttar maskiner og utstyr i samsvar med definisjonen av varmt arbeid utanom faste, spesielt tilrettelagde og brannsikre arbeidsplassar, skal ha gyldig sertifikat frå Norsk brannvernforening eller samarbeidande organisasjon i øvrige nordiske land for den type arbeid som vert utført.

Det vert vist til særskilte eigendelsreglar i vilkåra.

A.1.3.7. Bygging, ombygging og rehabilitering

Ved drifts- eller bruksforhold som kan føre til auka fare for brannspredning, herunder bygging, ombygging og rehabilitering, skal sikra gjennomføre ekstraordinære tiltak – sjå Forskrift om brann- forebyggjande tiltak og tilsyn av 26. juni 2002. Sikra skal og følgje reglane i Forskrift om sikkerheit, helse og arbeidsmiljø på bygge- og anleggsplassar av 21. April 1995 (byggherreforskrifta).

A.1.3.8. Gasstankar, rør og gassforbrukande utstyr

Forsyningsanlegg og fordelingsanlegg med tankar, rør, armatur og andre gasstekniske komponentar for energigassar, skal prosjekterast, installerast, kontrollerast og vedlikehaldast som nemnt i Norsk Gassnorm. Gassforbrukande utstyr som kvitevarer, oppvarmingskjelder m.v. skal installerast, kontrollerast og vedlikehaldast i samsvar til produsenten sine godkjende tilvisingar. Eit eksemplar av Norsk Gassnorm kan ein få ved å vende seg til selskapet.

A.1.3.9. Automatiske brannalarmanlegg

Det automatiske brannalarmanlegget må vere prosjektert, installert og vedlikehalde i samsvar til regelverket frå Forsikringsselskapa si Godkjennelsesnemnd (FG). Andre standarder eller sprinklerregelverk kan akseptast etter avtale med forsikringsselskapet. Regelverket frå FG gjeld i si heilheit, men nedanfor er einskilde punktr gjengjevne. Med eit FG-godkjend automatisk brannalarmanlegg er meint at det er:

- Prosjektert av eit FG-godkjend foretak samt at foretaket har utført kontroll av prosjekteringa
- Installert av eit FG-godkjent foretak, eller at et slikt foretak står ansvarlig for installasjonen
- Inngått avtale om årlig kontroll- vedlikehaldsavtale med

eit FG-godkjend firma

- Utsteda FG-attest av eit FG-godkjend firma

A.1.3.10. Sprinkleranlegg

Sprinkleranlegget må vere utført, godkjend og kontrollert i samsvar til regelverket frå Forsikringsselskapenes Godkjennelsesnevnd (FG). Andre standarder eller sprinklerregelverk kan akseptast etter avtale med forsikringsselskapet.

Regelverket frå FG gjeld i si heilheit, men nedanfor er einskilde punkt gjengjevne. Anleggseigar må syte for at:

- anlegget til ei kvar tid held den standard som går fram av kontrollrapport
- anlegget er funksjonsdyktig til ei kvar tid
- anlegget vert vedlikehalde og testa ihht reglane gjevne av leverandør og FG
- anlegget vert kontrollert minst ein gong i året
- det vert oppnemnt ein ansvarlig person for anlegget, med nødvendig opplæring, som sikrar at anlegget til ei kvar tid er funksjonsdyktig
- utkoblingstida vert eit minimum i samband med vedlikehald eller endringar som fører til at anlegget heilt eller delvis vert sett ut av drift

A.1.3.11. Vanntåkesystem

Vanntåkesystemet skal dimensjonerast, installerast og kontrollerast av kompetent foretak i samsvar til veiledninga frå Forsikringsselskapenes Godkjennelsesnevnd (FO). Andre standarder eller vanntåkeanlegg kan akseptast etter avtale med forsikringsselskapet. Veiledninga fra FG gjeld i si heilheit, men nedanfor er einskilde punkt gjengjevne.

- Vanntåkesystemet skal vere testa og godkjend for bruksområde det skal nyttast
- Det vert stilla krav til uavhengig kontroll av utføringa
- Vanntåkesystemet skal kontrollerast av kompetent foretak minst ein gong per år
- Det skal utførast vedlikehald i intervaller og omfang slik det det kjem fram av leverandøren sin vedlikehaldsmanual
- Ved overlevering av anlegget skal leverandøren gje eigar ein fullstendig systembeskriving, prosjekteringsdokument, fullstendige installasjonsteikningar og informasjon om vannforsyninga

A.1.3.12 Sikring mot sprengingsskadar

Ved sprengingsarbeid på forsikringsstaden skal burettslaget/sameiget forsikre seg om at den som står for sprenginga har gyldig sprengingssertifikat og ansvarsforsikring som tilsvarar krava i Norsk Standard (NS) 3430 pkt 14.2 eller NS 3431 pkt 19.2, da forsikringa ikkje dekkjer entreprenør sitt ansvar som skal vere dekkka etter desse reglane.

A.2 Elektrisk fenomen

A.2.1 Selskapet svarer for skade ved

- elektrisk fenomen. Med elektrisk fenomen er meint kortslutning, lysboge, overslag og overspenning - også som fylgje av lyn og torever. Aldersfrådrag sjå pkt. C.6.

A.2.2 Unnateke er elektrisk fenomen på

- elektrisk maskin, apparat eller leidning med driftsspening over 1000 V.
- transformator.
- telefonsentralar sjølv om det oppstår brann i tingen.

A.2.3 Kva sikringskrav som gjeld:

Sikring av elektronisk utstyr. Utstyret skal på 230V-400V-, signal- og telesida vere verna mot overspenning, nettstøy samt mot variasjon/brot i nettspeninga.

Utføring:

På 230V-400V-siden skal det vere installert - grovvern i sikringstavle for utstyret og eksternt vern ved den enkelte utstyrseining. Hovudmaskin og servere inklusive eining for sikringskopiering skal sikrast med avbrotsfri straumforsyning (UPS) med tilstrekkelig batterikapasitet til kontrollert nedkopling. Nedkopling av slikt utstyr skal skje automatisk. På signal- og telesida skal det vere installert vern på tele- og signalkablar ved den enkelte utstyrseining.

Jording skal utførast etter leverandøren si tilvising og i samsvar med Produkt- og Elekrisitetstilsynet på 230V-400V-, signal- og telesida.

A.3 Røyrbrot

A.3 Selskapet svarer for brotskade på bygning si leidning for vatn og annan væske, her medrekna radiator, varmtvassberedar eller -beholdar, oljetank, septiktank, drenskum, fyrkjele o.l. Spesiell Eigendel, sjå pkt C.5

Aldersfrådrag, sjå pkt C.6

A.3.2 Unnateke er

- 1 skade på drensleidning
- 2 skade på takrenne, utvendig nedlaup og taksluk for innvendig nedlaup
- 3 utgifter til tining av utvendig leidning
- 4 skade på infiltrasjonsleidning, spreieleidning, spreiegrøft

A.3.3 Kva sikringskrav som gjeld:

Sikra skal sørge for at bygning er nok oppvarma for å unngå frostskaider eller syte for nedtapping av røyranlegg.

A.4 Vatn og anna væske

A.4.1 Selskapet svarer for skade ved

- utstrøyming av gass, vatn eller annan væske frå røyrlidning med tilknytta utstyr
- ved brot eller lekkasje.
 - ved oversvøyming frå slikt tilknytta utstyr.
- Spesiell eigendel, sjå pkt C.5.

Vatn som brått trenger inn i bygning frå terreng eller grunn i slik mengde at det vert ståande vatn på golv.

Oversvøyming eller lekkasje frå akvarium eller vasseng. Utstrøyming frå brannslukningsanlegg/apparat

Unnateke er

- 1 skade i våtrom på golv eller vegg som skal tåle vatn.
- 2 skade ved sopp, her medrekna muggsopp, råte eller bakteriar.
- 3 tap av gass, vatn og anna væske.

A.4.2 Kva sikringskrav som gjeld

Sikra skal syte for at bygning er tilstrekkelig oppvarma for å unngå frostskaider eller syte for nedtapping av røyranlegg.

A.5 Tjuveri og hærverk

A.5.1 Selskapet svarer for skade ved tjuveri og hærverk i eller på bygning.

Når lokala er utstyrt med FG- godkjend innbrotalarm med overføring til alarmstasjon, erstattar selskapet også tjuveri og hærverk når uvedkomande urettmessig har latt seg låse inne i bygning i opningstida.

A.5.2 Unnateke er

- skade ved tjuveri når bygning eller rom er opent.
- skade ved tjuveri og hærverk gjort av tilsette, andre som gjer tenester/arbeide for sikra eller som er trudd nøklar.
- utgift til utskifting eller forandring av låser som ikkje er skada dersom nøklar/koder har kome på avvegar.
- hærverk gjort av leigetakar eller andre som har lovleg tilkomst til bustadlokala
- skade på glas i vindaug og dører, sjå og pkt A.6.1 For grasklippar, snøfresar mv. gjeld særlige reglar om tjuveri og hærverk, sjå pkt A.5.3.

Kva sikringskrav som gjeld:

Bakdører og dører frå fellesareal skal vere låst. Dører som ikkje er offentleg påboden røymingsveg, skal ha FG- godkjend lås. Vindaug og andre opningar skal vere lukka og sikra.

A.5.3 Tjuveri og hærverk på grasklippar etc..

Selskapet svarer for skade på grasklippar, snøfresar, jordfresar, samt andre arbeidsmaskiner som ikkje er registreringspliktige og som har vekt under 750 kg - som

fylgje av tjuveri, brukstjuveri eller forsøk på tjuveri. I tillegg vert dekt hærverk når det er openbart at det samtidig er gjort forsøk på å stele arbeidsmaskinen.

A.5.3.1 Kva sikringskrav som gjeld:

Tenningsnøkkel skal oppbevarast på stad som ikkje er tilgjengelig for uvedkomande, og når arbeidsmaskina ikkje er i bruk skal den, dersom muleg, vere avlåst.

A.6 Brotskade på glas og sanitærporselen

A.6.1 Selskapet svarer for

- brotskade på glastruter og sanitærporselen i rom i bustad, i bustadens tilhøyrande lofts- og kjellarrom og i oppgang som berre fører til bustader.
- brotskade på glastruter i burettslaget sine forsamlingslokale, egne kontorlokale og lokale som mellombels ikkje er leigd ut.

A.6.2 Unnateke er:

- Innreiing, utstyr, glas og sanitærporselen som er spesielt montert for, eller som har tilknytning til ervervsverksemd.
- Skade som består i at innfatninga for isolerglas er utett.

A.7 Tilførselskablar for strøm, telefon og TV og

utvendige varmekablar/varmerør i bakken tilhøyrande burettslaget.

A.7.1 Selskapet svarer for

brotskadar på tilførselskablar for straum, telefon, TV og utvendige varmekablar i bakken som tilhøyrer burettslaget eller sameiget.

A.8 Snøtyngde, snøpress og ras frå tak

A.8.1 Selskapet svarer for skade ved

- Snøtyngde, snøpress og ras frå eller på tak.

A.8.2 Kva sikringskrav som gjeld:

Sikra skal syte for jevnleg snømoking av tak, veranda, balkong og terrasse på bygning slik at skade ikkje oppstår. Bygning må tilfredsstillende krav til last iht Bygningslovgivinga som gjaldt då bygningen vart bygd.

A.9 Vind som er svakare enn storm

Selskapet svarer for skade ved vind som er svakare enn storm.

Unnateke er skade

1. som består av svinn, svinnsprekker, flekker, riper, avskalinger o.l..
2. ved vann, snø, sand o.l., som trenger inn utanfrå, med mindre dette skuldast ein bygningsskade som er erstatningsmessig etter pkt A.9.
3. på hageanlegg, antenner, skilt, markiser o.l..

A.10 Innvendig frotskade

Selskapet svarer for skade ved innvendig frost i bygning.

Kva sikringskrav som gjeld:

Sikra skal syte for at bygning er nok oppvarma for å unngå frostskaider eller syte for nedtapping av røyranlegg.

A.11 Naturskade

Selskapet svarer for skade ved naturulukke, sjå egne naturskadevilkår.

A.12 Skade ved luftfartøy, eller deler av eller frå luftfartøy, som råkar ting

A.13 Ekstraordinær svikt i bærande bygningskonstruksjonar.

Selskapet svarer for fysisk skade ved ekstraordinær svikt i bærande bygningskonstruksjonar dei fyrste 20 år etter at bygget var nytt. Spesiell eigendel sjå pkt. C.5.

A.13.1 Unnateke er:

1. Skader som skjer så lenge leverandørgarantien er i kraft eller som skjer tidligare enn 12 mnd etter at overtakinga har skjedd.
2. Utbetring av dei manglar som forårsaka skaden.
3. Skade på bærande konstruksjonar under lågaste golv, skader som skuldast kjæledyr, gnagarar, insekt, bakteriar, sopp eller råte.

A.14 Andre skadar

Selskapet svarer for andre skadar på bygning enn dei som er nemnt i punkta A.1 til A.13.

A.14.1 Unnateke er skade

- 1 som består av svinn, svinnsprekker, flekker, riper, avskalingar o.l..
- 2 ved vann, snø, sand o.l. som trenger inn utanfrå, med mindre dette skuldast ein bygningskade som er erstatningsmessig etter pkt A.14.
- 3 som skuldast utilstrekkelig eller sviktende fundamentering, setningar i bygget, jordtrykk, materialfeil, rust, korrosjon eller annen tæring, svak eller feilaktig konstruksjon eller uriktig montasje.
- 4 som skuldast kjæledyr, gnagar, insekt, bakteriar, sopp eller råte.
- 5 ved kondens.
- 6 som rårar mekanisk eller elektrisk innretning, maskin eller apparat.

I tillegg gjeld samtlege ansvarsavgrensingar og unntak som er nemnt i punkta A.1 til A.13 også her, med mindre anna er uttrykkelig nemnt.

A.14.2 Avgrensingar

Offentlege lover og forskrifter. Reglar gjevne i lover, og forskrifter gjevne i medhald av lov, skal til ei kvar tid haldast. Eksempelvis: -Plan og Bygningslova med forskrifter.

A.15 Fellesavgrensingar

Selskapet svarer berre for skadar som skjer i den tid Selskapets ansvar er gjeldande etter forsikringsavtalen og FAL. Utgifter til vedlikehald er i alle tilfeller unnateke. Selskapet svarer ikkje for skader som leverandør/entreprenør har ansvaret for å dekke. Dette gjeld både ansvar iht kontrakt og ansvar iht alminnelig erstatningsrett.

B Kva som er forsikra

Forsikringa omfattar dei gjenstandane og interessene som går fram av forsikringspolisen

B.1 Bygning

B.1.1 I tillegg omfattar bygningen si forsikring

- utvendige elektriske tilførselskablar.
- oljetank, drengskum og septiktank, samt utvendig tilknytt røyr fram til desse og fram til brunn eller hovudledning, men ikkje slike som hovudsaklig høyrer til maskiner og lausøyre.

Til bygning vert ikkje rekna maskiner, lausøyre og installasjonar som er montert for eller er eit ledd i produksjons- eller næringsverksemd eller i drift av offentlige eller private verksemdar - med faste eller lause installasjonar, så som maskinfundament av eit kvart slag, alle tilknytt røyr og ledningar, maskiners ventilasjonsanlegg m.v., og heller ikkje kunstnarisk utsmykking.

B.2 Bygningsmessige forandringar/påkostnader

innanfor opprinneleg byggevolum gjort i avtaleperioden og som medfører verdiauke, med inntil 15% av bygningen sitt premiegrunnlag

B.3 Bygningsmessige forandringar og tilbygg til

eksisterande leilegheiter utanfor opprinneleg byggevolum med inntil 15% av bygningen sitt premiegrunnlag.

B.3.1 Unntak:

Frittliggande bygning er ikkje omfatta av forsikringa.

B.4 Bygningsmessig tilleggsinnredning i bustadrom

Innreiinga må vere innanfor opprinneleg byggevolum og vere kosta av leiebuar, burettshavar eller eigar av sjølveigarleilegheit.

B.5 Tv-kablar og utvendige varmekablar/varmerøyr i bakken

med inntil kr 100 000

B.6 Fellesantenneanlegg

for radio og TV med inntil kr 100.000

B.7 Grasklippar, snøfresar, jordfresar, samt andre arbeidsmaskiner

som ikkje er registreringspliktige og som har vekt under 750 kg. med inntil kr 200 000 jf også pkt A.5.3, F.2.8. og K.

B.8 Inventar og lausøyre, samt fyringsolje.

Inventar, fyringsolje, samt anna laust tilhøyrsløse til eigedommen enn nemnt under pkt B.7, med inntil kr 200 000.

B.9 Utvendig vassbasseng o.l.

Utvendig vassbasseng med tilhøyrande leidningar, gjerde og flaggstong, og utgifter ved tilsåing og nyplanting av hageanlegg med til saman kr 100 000.

B.10 Riving, rydding og bortkjøring

Etter erstatningsmessig skade omfattar forsikringa utgifter til riving, rydding og bortkjøring av verdilause rester av skada forsikra ting.

B.11 Lagring og destruksjon av miljøfiendtlige restar

av forsikra ting Etter erstatningsmessig skade omfattar forsikringa meirutgifter, innanfor eit tidsrom av 12 månader, til midlartidig lagring og destruksjon av miljøfiendtlige rester av skadde forsikra ting etter påbod gjevne med heimel i lov eller offentlig forskrift, med inntil 20% av bygningen sin forsikringssum, høyst kr 900 000.

B.11.1 Unnateke er:

Utgifter ved påbod som styremaktene hadde heimel til å gje sjølv om skaden ikkje hadde skjedd.

B.12 Påbod frå offentlig styremakt

Meirutgifter til skadeutbetring av bygning, avgrensa til 10% av forsikringssummen på bygningen påbodet gjeld, men maksimert til kr 1. 000.000,-, når meirutgiftene skuldast endra tekniske krav til bygningen i samsvar med lov eller offentlig forskrift, og gjenoppføringa skjer på forsikringsstaden, jf pkt C.3.2. Krava må gjelde den skadde del av bygningen og vere ei direkte fylgje av skaden. Selskapet kan krevje at ein prøver å utnytte dei dispensasjonshøve som ligg i Plan og Bygningslova. *Tilleggsdekning kan teiknast.*

Forsikringa omfattar nødvendige meirutgifter

- til utbetring av den skadde del av bygningen eller gjenoppføring av bygningen.
- til grunnundersøkingar og fundamentering ved gjenoppføring av bygning.
- som ikkje direkte vedrøyrer byggearbeidet, men som er ein føresetnad for at bygningen vert tillate gjenoppført på same byggetomt.

B.12.1 Unnateke er:

Utgifter ved påbod som styremaktene hadde

heimel til å gje sjølv om skaden ikkje hadde skjedd.

B.13 Prisstigning etter skadedag

Tilkome meirutgifter på grunn av prisstigning etter skadedag., jf pkt C.3.1.

B.14 Burettslaget sitt husleigetap

Husleigetap i inntil 24 månader rekna etter reglane i pkt C.3.1.
som fylgje av erstatningsmessig skade, jf pkt A, skjedd på forsikringsstaden i forsikringstida. Husleigetap i inntil 24 månader dersom tilkomsten eller bruken av forsikringsstaden er fysisk hindra eller vanskeleggjort som fylgje av midlartidige skadeførebyggjande tiltak, redningstiltak eller sjølve skaden. Dette gjeld dersom skaden direkte truar eller er utløyst, sjølv om sikra sin eigedom ikkje direkte er råka. Erstatninga er avgrensa til 20% av premiegrunnlaget for kvar enkelt bygning.

B.14.1 Unnateke er:

Husleigetap på grunn av at bruken av forsikringsstaden vert fysisk hindra eller vanskeleggjort som fylgje av forhold nemnt i naturskadevilkårets pkt. 1.3.1 - 1.3.6.

C ERSTATNINGsutREKNING

FAL paragraf 6-1 er fråveken. I staden gjeld reglane nedanfor.

C.1 Bygning

C.1.1 Ved gjenoppføring eller reparasjon

- 1 **Dersom bygningen vert reparert/gjenoppført**
- 2 innan landets grenser, - til same formål,
- 3 innan 5 år, - av eigar, ektefelle/sambuar eller livsarving, vert erstatninga rekna etter fylgjande reglar:

Erstatninga vert rekna på grunnlag av kostnadene til reparasjon/gjenoppføring til same - eller vesentlig same - stand som umiddelbart før skaden skjedde, rekna etter prisane på skadedagen.

Erstatningsgrunnlaget kan ikkje settast høgare enn gjenoppføringsprisen før skaden, fråtrekt verdien etter skaden, rekna etter same regel, jf pkt D 3.1. Del/komponent som står føre utskifting eller riving, vert erstatta etter sin omsetningsverdi, etter frådrag for kostnadene ved riving/demontering. Dersom omsetningsverdien av den nye/reparerte bygning vert større enn bygningen sin omsetningsverdi før skaden, vert det gjort frådrag for den auken som overstig 40% av omsetningsverdien før skaden skjedde. Ved fastsetting av bygningen sin omsetningsverdi skal det takast omsyn til mulege endringar i avkastning, om bygningen ligg fint til og andre forhold. Nødvendige utrekningar skal baserast på ein byggepris tilsvarande gjenoppføringsprisen, jf pkt D.3.1.

2 Dersom bygningen vert reparert/gjenoppført

til anna formål, men elles tilfredstillar krava i pkt C 1.1 underpkt 1, skal erstatningsutrekninga gjennomførast som nemnt i pkt C 1.1 underpkt 1, med det unntak at frådrag skal gjerast for ein kvar auke i omsetningsverdien.

3 Bygningar som ikkje har noen omsetningsverdi

skal verdsettast på fylgjande måte: Bygningen sin omsetningsverdi før skaden vert fastsett til bygningen sin gjenoppføringspris med frådrag for verdiforringing av bygningen sine komponentar eller deler av komponentar på grunnlag av elde, bruk og anna fysisk forringing, samt for ting som står føre utskifting - multiplisert med 0,9.

Ved gjenoppføring til same formål vert omsetningsverdien etter skaden sett til gjenoppføringsprisen. Ved gjenoppføring eller reparasjon til anna formål men som elles tilfredstillar

krava i pkt 1, skal auken av omsetningsverdien ut over 10% trekkast frå.

C.1.2 Utan gjenoppføring eller reparasjon som nemnt i pkt C 1.1

For bygning som ikkje vert reparert/gjenoppført som nemnt i pkt C.1.1, set ein erstatningsgrunnlaget etter pkt C.1.1, men ikkje høgare enn til reduksjon i bygningen sin omsetningsverdi før skaden. Dersom bygningen ikkje kan omsettast separat, vert i staden bygningen sin bruksverdi lagt til grunn.

C.1.3 Bygning som står føre riving. Midlartidig

bygning som ikkje vert reparert/ gjenoppførast. Erstatningsgrunnlaget, jf pkt C.1.1, er avgrensa til verdien av bygningen sine brukbare materialar, teke ned og lagt ferdig for sal/transport. Det skal gjerast frådrag for utgiftene ved riving.

C.1.4 Kontantoppgjær

Ved kontantoppgjær vil selskapet erstatte arbeidspengar med inntil 75 % av normalpris. Det vert ikkje betalt meirverdiavgift ved kontantoppgjær.

C.2 Maskiner og lausøyre

C.2.1 Ved attskaffing eller reparasjon

Erstatninga vert rekna på grunnlag av kostnadene til reparasjon/attskaffing til same - eller vesentlig same - stand som umiddelbart før skaden skjedde, rekna etter prisane på skadedagen. Erstatningsgrunnlaget kan ikkje settast høgare enn attskaffingsprisen før skaden, jf pkt D.3.3, fråtrekt verdien etter skaden, rekna etter same regel.

Det skal gjerast frådrag for verdiauken ved forbetring av tilstanden på den skadde ting eller del/komponent av tingen ved at brukt vert erstatta med nytt. Ved vurderinga skal det takast omsyn til forringing ved elde, bruk, nedsett bruksverdi, den tid tingen har vore i bruk og attståande brukstid. Frådrag vert gjort for den del av verdiauken som overstig 40% av tingen eller delen/komponenten sin verdi før skaden.

C.2.2 Utan attskaffing eller reparasjon

For ting som uavhengig av årsak ikkje er reparert eller attskaffa innan tre år etter at skaden skjedde, vert erstatningsgrunnlaget rekna som i pkt C.2.1, men avgrensa til reduksjon i omsetningsverdien før skaden.

C.3 Tilleggsdekningar

C.3.1 Utrekning av husleigetap, prisstigning og renter

1 Prisstigning reknast frå skadedagen til reparasjon, attskaffing eller gjenoppføring har skjedd eller normalt kunne ha skjedd. Prisstigning vert erstatta i same forhold som for skaden elles og er avgrensa til 20% av erstatninga for kvar skada ting etter skadedagen sitt prisnivå. Prisstigning vert erstatta berre dersom skaden er utbetra innan fem år frå skadedagen for bygning og innan tre år for maskiner og lausøyre. Erstatninga vert fastsett og forfellt til betaling når skaden er utbetra.

2 Avbrotstap ved nedgang i husleigeinntekt vert rekna på grunnlag av leigeinntekta for umøblerte rom, for eigne rom på grunnlag av marknadspris. Frådrag vert gjort for sparte utgifter. Auke av tapet ved forlenga byggetid som fylgje av forbetring, utviding eller anna endring, vert ikkje teke med. I den samla erstatning for avbrotstap og prisstigning vert det gjort frådrag for opptente renter av erstatning.

C.3.2 Meirutgift ved skadeutbetring p.g.a. påbod

1 Meirutgift ved utbetring eller gjenoppføring vert sett til forskjellen mellom gjenoppføringsprisen for ei bygning tilsvarande den forsikra med same storleik og tal etasjar, men utført i samsvar med påboda, og gjenoppføringsprisen

for den forsikra bygning. Meirutgifter ved byggemåte og utstyr som er urasjonelle etter dagen sin byggeskikk, vert ikkje teke med.

2 Meirutgifter ved grunnundersøkingar og fundamentering, som skuldast påbod gjevne som følgje av den erstatningsmessige skaden, vert rekna som for ei bygning tilsvarande den forsikra, utført i samsvar med påboda.

Ved fastsetting av meirutgifter vert ikkje teke med

- meirutgifter til utgraving eller utsprenning av kjeller.
- meirutgifter som skuldast at bygning vert attreist større enn den skada.
- tap av nytteareal, som følgje av påbod, i forhold til den skadde bygning. Utbetring/gjenoppføring må vere avslutta innan 5 år etter skadedagen, og erstatninga forfell først til betaling når skaden er utbetra.

C.4 Skjønn

Fastsetting av erstatningsgrunnlag og verdiar og spørsmål i samband med utrekning av avbrotstap, skal avgjerast ved skjønn dersom sikra eller selskapet krev det. Skjønnen kan ikkje med bindande verknad for partane ta stilling til skadeårsak og andre faktiske forhold som er avgjerande for selskapet sitt ansvar. Reglane om skjønn i Generelle vilkår skal leggest til grunn.

C.5 Eigendel

I erstatningsoppgjere for skader nemnt under pkt A vert det fråtrekt ein eigendel på kr 6000 dersom ikkje høgare eigendel er nemnt i vilkåra, forsikringsbeviset eller annen eigendel er nemnt i særtilkåra. For sprengingsskadar på forsikringsstaden, vert det fråtrekt ein eigendel på kr 10 000 og for skade nemnt i A.13 (svikt i bærande bygnings konstruksjonar), er eigendelen:

- for einebustader, 2- og 4-mannsbustader og rekkehus, kr 50 000 pr bueining som er råka av skaden.
 - for andre bygningar, 5% av bygget sin gjenoppføringspris, minst kr 30 000. - dersom ikkje høgare eigendel er nemnt i vilkåra, forsikringsbeviset eller annen eigendel er nemnt i særtilkåra.
- For postar med nemnte summar i pkt. A og B vert skaden erstatta etter frådrag av eigendelen, inntil nemnte sum, men ikkje høgare enn attskaffingsprisen.

For naturskade etter lov om naturskadeforsikring, gjeld den eigendelen som til ein kvar tid er fastsett av departementet.

C.6 Aldersfrådrag

Aldersfrådrag vert gjort gjeldande i staden for den avtalte eigendel når aldersfrådraget overstig denne.

Ved kortslutning eller anna elektrisk fenomenskade på mekanisk eller elektrisk innretning, maskin eller apparat, vert det gjort frådrag med 10% av skaden for kvart år sidan tingen vart teken i bruk som ny, men ikkje meir enn 80%.

Ved brotskade på utvendige leidningar, inklusive botnleidningar under bygningen, tankar og kummer av plast, fiberarmert plast, kopar, messing eller rustfritt stål, vert det gjort frådrag på grunnlag av dei totale reparasjonskostnader, her medrekna oppgraving- og gjenfyllingsutgifter, med 5% for kvart heile år utstyret er eldre enn 20 år.

Ved brotskade eller skade ved elektrisk fenomen på varmtvassbeholdar, -beredar eller fyrkjele, vert det gjort frådrag på grunnlag av dei totale reparasjonskostnadane med 5% for kvart heile år utstyret er eldre enn 10 år, men ikkje meir enn 80%

Ved ulik alder på skadde deler legg ein den eldste delen sin alder til grunn for heile erstatningsutrekninga.

Aldersfrådrag vert gjort i dei samla utgifter.

C.6.1 Særskilte erstatningsreglar for elektriske

omnar og varmekablar

Ved skade som skuldast elektrisk fenomen, og som råkar elektriske omnar eller varmekablar, vert det gjort frådrag på grunnlag av dei totale reparasjonskostnader med 5% for kvart heile år

desse er eldre enn 10 år, men ikkje meir enn 80%.

Ved ulik alder på skadde deler legg ein den eldste alder til grunn for heile erstatningsutrekninga.

D ANDRE REGLAR

D.1 Kven forsikringa gjeld for

Forsikringa gjeld for

D.1.1 den som er nemnt i forsikringsbeviset.

D.1.2 innehavar av tinglyst eigedomsrett, panterett

eller annen tinglyst sikringsrett ved forsikring av fast eigendom.

D.1.3 annen panthavar eller eigar av ting

enn dei som er omtalt ovanfor (pkt D.1.1 - pkt D.1.2), men berre dersom forsikringstakaren har forsikringsplikt eller ber risikoen for tingen.

Selskapet kan med bindande verknad for medforsikra endre avtalen eller la den opphøyre.

Ved skadeoppgjjer kan Selskapet forhandle med forsikringstakaren og utbetale erstatning til ham med bindande verknad for medforsikra med mindre Selskapet har fått skriftlig melding om den medforsikra sine interesser etter at skaden skjedde, men før oppgjjer skjer.

D.1.4 Ny eigar av lausøyre inntil den nye eigar har

teikna forsikring, men ikkje lenger enn 14 dagar etter eigarskiftet.

D.1.5 Ansvarsforsikring (pkt F) og

Rettskjøpsforsikring (pkt J) gjeld berre for den som er nemnt i pkt D.1.1.

D.2 Kvar forsikringa gjeld

D.2.1 Forsikringa gjeld på stad som er nemnt i forsikringsbeviset (forsikringsstaden).

D.2.2 For ting som midlartidig oppheld seg på anna stad, gjeld forsikringa innan Norden.

D.2.3 Naturskadeforsikringa gjeld i Noreg.

D.3 Forsikringssummar

D.3.1 Fullverdi - bygning

Fullverdiforsikra bygning er forsikra for inntil kva det på skadedagen ville ha kosta å gjenoppføre tilsvarande, eller i det vesentlige tilsvarande, bygning på skadestaden - gjenoppføringsprisen. Meirkostnader ved - byggemåte og utstyr som er urasjonelle etter dagens byggeskikk skal ikkje takast med. Premiegrunnlaget vert fastsett av Selskapet ved førehandstakst og vert regulert seinare etter prisindeks for bygning ved ny takst.

Tilbygg eller anna forandring ut over 15% av bygningen sin premiegrunnlag og som verkar inn på bygningen sin gjenoppføringspris, er omfatta av forsikringa og skal meldast til Selskapet. Er melding ikkje gjeve, vert det erstatta ein så stor del av skaden som svarar til forholdet mellom gjenoppføringsprisen slik den ville blitt utan og slik den er med forandringa (underforsikring).

Omfattar forsikringa bygningar utan spesifikasjon i forsikringsbeviset, gjeld tilsvarande regel for ikkje tilmeldt ny bygning.

D.3.2 Fast forsikringssum - bygning

Forsikringssum vert fastsett av forsikringstakar. Er forsikringssum lik gjenoppføringsprisen eller høgare, vert heile skaden erstatta. Er forsikringssum lågare enn gjenoppføringsprisen, vert det erstatta ein så stor del av skaden som svarer til forholdet mellom forsikringssum og gjenoppføringsprisen (underforsikring).

D.3.3 Førsterisiko

For poster med nemnde summar i vilkåret og for poster i forsikringsbeviset nemnt som førsterisiko, vert erstatningsgrunnlaget, før frådrag av eigendel, sett inntil dei nemnte summene. Underforsikringsreglane nemnt ovanfor gjeld ikkje.

D.4 Diverse reglar ved skade

D.4.1 Skademelding

Skade skal meldes til Selskapet utan ugrunna opphald. Selskapet kan krevje at skademeldinga skal innehalde sikra sitt fødselsnummer (11 siffer) eller føretaksnummer. Fylgjande skader skal meldast til politiet: Brann, innbrot, tjuveri, hærverk og ran. Selskapet kan krevje at også andre skader vert meldt til politiet.

D.4.2 Meirverdiavgift

Meirverdiavgift vert refundert berre i den utstrekning slik avgift er tilkomme innan 5 år og kan dokumenterast ved utbetring av skaden samt at den ikkje er refundert av dei sentrale styresmakter.

D.4.3 Forhold til panthavar, konkursbu,

nye eigarar o.l. Overfor panthavar, konkursbu, utleigefirma o.l.

er Selskapet sitt ansvar avgrensa til den lågaste av fylgjande beløp: nedgangen i tingen sin omsetningsverdi som fylgje av skaden, og vedkomande si økonomiske interesse i tingen på skadetidspunktet.

For panthavar betyr "tingen" i denne samanheng pantobjektet i sin heilskap. Disse reglane gjeld ikkje leasa fast eigedom. Ved konkurs gjeld reglane ovanfor utan omsyn til om konkursen vert opna før eller etter at skaden skjer.

Overfor andre nye eigarar, etter at skaden skjer, enn eigar sin ektefelle, sambuar eller livsarving, vert Selskapet sitt ansvar avgrensa som om gjenoppføring eller attskaffing ikkje finn stad.

D.4.4 Oppgjersmåtar

Selskapet kan avgjøre om skaden skal erstattast ved:

- kontantoppgjjer.
- reparasjon.
- gjenoppføring/attskaffing, eller at Selskapet framskaffar tilsvarande - eller i det vesentlege tilsvarande - ting.

Ved kontantoppgjjer kan erstatninga ikkje overstige det Selskapet ville måtte betale for reparasjon eller attskaffing. Ved reparasjon eller gjenoppføring/ attskaffing, har Selskapet rett til å bestemme kva reparatør eller leverandør som skal nyttast.

D.4.5 Eigedom retten til skadde ting og til ting som kjem til rette.

Sikra er pliktig til framleis å eige ein skada ting mot å få utbetalt erstatning for skaden på tingen, men Selskapet har rett til å overta skadde ting. Kjem ting til rette etter at erstatning er betalt, har den sikra rett til å få igjen tingen mot å betale erstatninga tilbake. Vil ikkje den sikra det, overtek Selskapet tingen.

D.4.6 Selskapet sin overtaking av panterett

Er Selskapet ansvarlig overfor panthavar, men ikkje overfor eigaren, trer Selskapet inn i panthavar sin rett i den utstrekning Selskapet betaler erstatning til panthavar.

D.5 Ansvarsavgrensingar som fylgje av handlingar og forsømingar frå Sikra sine tilsette, endring av risiko og Sikringskrav.

D.5.1 Ansvarsavgrensingar som fylgje av handling og forsøming frå sikra sine tilsette m.v. (identifikasjonsregler)

1 Dersom sikra sin rett til erstatning fell bort som fylgje av sikra sine handlingar eller forsømingar, gjeld dette også ved tilsvarande handling eller forsøming gjort av tilsette som har det overordna ansvar for den del av verksemda der forsøminga er gjort.

2 Den som ved handling eller forsøming forsømer å overhalde eller sjå til at avgrensingane vert haldne, kan heilt eller delvis miste retten til erstatning. Retten fell også bort om forsøminga er gjort av andre personar som utføre arbeid av leiande art og av andre som har ein særlig sjølvstendig stilling innan verksemda, samt arbeidsleiarar, her medrekna formenn o.l.. Ved forsøming av å overhalde avgrensingane som gjeld tjuveri og hærverk, kan rett til erstatning også falle bort ved forsøming gjort av den som er trudd nøklar eller har ansvaret for låsing der tingen oppheld seg, eller andre som utføre tenester/arbeide for sikra.

For medforsikra tredjeperson får reglane om bortfall av erstatning ved forsøming av å overhalde avgrensingar tilsvarande anvending. Dette gjeld ikkje tredjepersonar medforsikra etter FAL paragraf 7-1, 2. ledd.

D.5.2 Ansvarsavgrensingar ved endring av risiko

Sikringstiltak nemnt i forsikringsbeviset skal vere gjennomført og halde ved like. Dersom det har skjedd ei endring i sikringstiltaka som ville medført høgare premie, kan erstatninga verte forholdsmessig sett ned. Tilsvarande kan erstatninga verte sett forholdsmessig ned dersom verksemda vert endra slik at den nye verksemda ville blitt forsikra med høgare premie.

D.5.3 Ansvarsavgrensingar ved brot på Sikringskrav

Forsikringa er overteken på vilkår av at dei fastsette sikringskrav til ein kvar tid vert haldne. Har sikra forsømt å halde avgrensingane, eller sjå til at dei vert haldne, kan retten til erstatning heilt eller delvis falle bort.

ANDRE FORSIKRINGAR DEKT UNDER DETTE VILKÅR: E BURETTSINNEHAVAR SITT HUSLEIGETAP

E.1 Kven forsikringa gjeld for

Forsikringa gjeld til fordel for innehavar av buretten til det skada husvære.

E.2 Kva som er forsikra

Forsikringa omfattar burettsinnehavar sitt tap når husværet ikkje kan nyttast etter ein erstatningsmessig skade.

E.3 Erstatningsutrekning

Erstatningsgrunnlaget vert sett til marknadsleige for tilsvarande umøblert husvære. Erstatning vert gjeve av dette i den utstrekning og for det tidsrom husværet ikkje kan nyttast som fylgje av bygningsskaden, avgrensa oppover til ei ansvarstid på 24 månader. Til frådrag kjem sparte husleigeutgifter til burettslaget. Selskapet svarer ikkje for auke i tap som skuldast at husværet ikkje vert ført tilbake til den stand den hadde før skaden skjedde eller for auke i tap som skuldast disposisjonar gjort av burettslaget, burettsinnehavaren, eit husstandsmedlem eller burettsinnehavaren sin eventuelle leigetakar.

F ANSVARFORSIKRING

F.1 Kva ansvarsforsikringa omfattar

F.1.1 Forsikringa omfattar sikra sitt rettslige erstatningsansvar for skade, jf pkt F.1.2, som er voldt under utøving som eigar av og som byggherre for rehabilitering og ombygging av den forsikra eigedom.

F.1.2 Med skade er meint personskade eller tingskade:

a Personskade reknast som skjedd når ein person vert skada, vert tilført sjukdom eller døyrr.

b Tingskade reknast som skjedd når lausøyre (her medrekna dyr) eller fast eigedom vert skada eller går tapt

på annan måte, eller når elektronisk lagra informasjon vert forvanska eller går tapt på annan måte.

Økonomisk tap påført tredjemann som følgje av ein dekningsmessig skade reknast som del av denne, også når den dekningsmessige skade ikkje overstiger eigendelen.

F.1.3 Skaden må vere konstatert av sikra eller av skadelidne i løpet av forsikringstida. Skaden vert å vise til den forsikring som gjaldt då skaden først vart konstatert. Alle skader som skuldast same hending reknast som eit skadetilfelle og vert å vise til det tidspunkt første skade vart konstatert.

F.2 Kva ansvarsforsikringa ikkje omfattar

Dersom ikkje anna er avtalt, omfattar forsikringa ikkje ansvar:

F.2.1 som sikra har påteke seg å bere og som går utover det som fylgjer av alminnelige rettsreglar, det vil seie eit kvart ansvar som åleine bygger på garanti, kontrakt, løfte, tilsegn eller annan avtale inngått før eller etter at skaden er konstatert.

F.2.2 for skade på ting, (jf pkt F.1.2.b) som sikra har til leige, lån, bruk og oppbevaring.

F.2.3 for forureining av luft, vatn eller grunn, eller skade som fylgje av dette. Som forureining reknast også støv, støy, larm, lukt, lys og bestråling.

Forsikringa omfattar likevel skader der årsaka til forureininga skjer brått og uventa, jf. krava om forholdstiltak i pkt. F.3.1 "Tank for oppbevaring av brannfarleg veske og andre kjemikalier -

Avgrensingar.

Ved dekningsmessig forureiningsskade omfattar forsikringa også utgifter til opprydding pålagt av offentlig styremakt. Opprydding på

eigen eigedom, eigedom eigd av mor-/datterselskap, eller eigedom som sikra driver eller disponerer, vert ikkje dekt.

F.2.4 For personskade i samband med bruk, behandling eller sanering av bygning eller ting som inneheld asbest.

F.2.5 For personskade som råkar sikra sine tilsette når skaden har sin årsak i arbeidsforholdet

F.2.6 For tingskade oppstått ved gravings-, spuntings-, sprengings-, pelings-, piggings- og rivingsarbeid, ras eller jordforskuving. Som sprenging reknast også bruk av ekspanderande masse.

F.2.7 Som byggherre for bygging av nye bygg.

F.2.8 Som eigar, førar eller bruker av motorkjøretøy (her medrekna truck og arbeidsmaskin med eige framdriftsmaskineri), luftfartøy, seglbåt eller motordreve fartøy. Sjå pkt K

F.2.9 for ærekrenking eller oppreising, her medrekna etter Lov av 13. juni 1969 nr. 26 om skadeserstatning, paragrafane 3-5 og 3-6, eller for bøter o.l. (her medrekna "Punitive Damages" eller "Exemplary Damages").

F.2.10 For skade på ting ved sopp og råte eller på grunn av langsam inntrenging av fukt.

F.3 Sikringskrav

Fylgjer ved overtreding av avgrensingar og andre personar si handling med verknad for sikra, sjå pkt. D.5.

F.3.1 Tank for oppbevaring av brannfarlig væske og andre kjemikalier - Avgrensingar

Fylgjande sikringskrav om regelmessig kontroll av og forsvarleg oppsamlingsskum for tankar (her medrekna andre behaldarar) til oppbevaring av brannfarlig veske og andre kjemikalier gjeld:

F.3.1.1 Nedgravne tankar

Nedgravne tankar skal kontrollerast jevnleg (korrosjonsangrep kontrollerast i reingjort tank og tjukkeleik i vegger skal målast) og tank inklusive røyrløysingar tettleiksprøvast med trykkluft eller vakuum:

- Første kontroll skal utførast seinast 15 år etter at tanken var ny, og deretter seinast kvart 5. år
- Rekondisjonerte tankar kontrollerast første gong seinast 10 år etter rekondisjoneringa, og deretter seinast kvart 5. år

Tankar der veggtykkleik er redusert med 50% eller meir kan ikkje rekondisjonast.

Tilstands- og kvalitetskontrollen inklusive målte veggtykkleik skal dokumenterast skriftleg. For visse tanktypar kan kontroll alternativt gjennomførast ved slikt system for automatisk lekkasjeovervaking som vist til i Forskrift av 19. mars 1991 nr. 210 om tiltak for å hindre lekkasje frå nedgravne tank for brannfarlig væske klasse A (Direktoratet for brann- og eksplosjonsvern), og Forskrift av 31. januar 1997 nr. 102 om tiltak for å motvirke fare for forureining frå nedgravne oljetankar (Statens forurensningstilsyn, Oljevernnavdelingen).

F.3.1.2 Overgrunns oppbevaringstankar

Stasjonære, overgrunns oppbevaringstankar skal vere sikra med forsvarlig oppsamlingsskum eller anna effektivt oppsamlingsarrangement for lekkasjar i samsvar til Forskrift av 7. desember 1982 nr. 1949 om tiltak for å hindre spill eller lekkasje frå stasjonære utandørs overgrunnstankar for oppbevaring av brannfarlig væske (Direktoratet for brann- og eksplosjonsvern).

F.3.2 Varmt arbeid reparasjons- og vedlikehaldsarbeid der det

Ved bygge-, installasjons-, monterings-, vert nytta open eld, oppvarming, sveise-, skjere-, lodde-, og slipeutstyr skal arbeidet utførast i samsvar til instruks som er nemnt i pkt A.1.3.1 pkt 4.

F.4 Forsikringssum

Dersom ikkje anna er avtala, er forsikringssum avgrensa til kr 10.000.000 ved kvart skadetilfelle. Ved skade som skjer i dei nordiske land Vert dekkja sakskostnader i tillegg til forsikringssum.

Ved skade som skjer utanfor dei nordiske land:

Selskapet sin samla utbetaling, inklusive sakskostnader og redningskostnader, er avgrensa til forsikringssum.

F.5 Eigendel

Dersom ikkje anna er avtalt, er sikra sine eigendel kr 6000 ved kvart skadetilfelle.

F.6 Sikra sine plikter ved skadetilfelle

Skade som kan er venta å føre til erstatningskrav, skal meldast til Selskapet utan ugrunna opphald. Når erstatningskrav er reist mot sikra plikter sikra

- omgåande å gje Selskapet alle opplysningar som har noko å seie for saka si behandling
- For eigen kostnad å utføre dei undersøkingar og utredningar Selskapet finn nødvendig, samt å møte ved forhandlingar eller rettargong.

Dersom sikra utan Selskapet sitt samtykke innrømmer erstatningsplikt eller forhandlar om erstatningskrav, er dette ikkje bindande for Selskapet.

F.7 Behandling av erstatningskrav.

F.7.1 Når erstatningskrav som er omfatta av forsikringa overstig den avtala eigendel, tilliggjer det Selskapet å

- utrede om erstatningsansvar ligg føre
- forhandle med kravstillaren
- om nødvendig å prosedere saka for domstolane.

F.7.2 Selskapet betaler sine eigne kostnader ved avgjerse av erstatningsspørsmålet, sjølv om forsikringssummen vert overskriden.

Eventuelle kostnader til ekstern advokat eller annan sakkyndig bistand valgt eller godkjent av Selskapet, vert betalt av Selskapet i den utstrekning summen av kostnadane og eventuelle erstatningsutbetalingar overstig eigendelen (sjå pkt F.4 ved skade utanfor dei nordiske land).

Dersom erstatningskravet og/eller grunnlaget for dette dels er omfatta av forsikringa og dels fell utanfor, vert kostnadane fordelt etter partane si økonomiske interesse i saka.

Er Selskapet villig til å forlike saka eller stille forsikringssummen til disposisjon, svares det ikkje for kostnader som seinare kjem til.

Selskapet betaler den delen av erstatninga som overstig eigendelen. Selskapet har rett til å betale ei kvar erstatning direkte til skadelidne.

F.8 Regress

Har sikra ikkje halde 1-årsfristen for å gje melding om forsikringstilfellet til selskapet (jf FAL par 8-5, 1. ledd), har Selskapet rett til regress mot sikra i dei tilfella der Selskapet har utbetalt erstatning direkte til skadelidne.

G STYREANSVARSFORSIKRING FOR

BURETTSLAG/BUSTADSAMEIGER

G 1. Kven forsikringa gjeld for (sikra)

Forsikringa gjeld for samtlege medlemmar og varamedlemmar i styret i det burettslag/bustadsameige som er nemnt i forsikringsbeviset.

G.2 Kva styreansvarsforsikringa omfattar

Forsikringa omfattar sikra sitt personlege, rettslige erstatningsansvar for formueskade, som sikra volder i eigenskap av medlem/ varamedlem i styret i det burettslag/bustadsameige som er nemnt i forsikringsbeviset. Forsikringa omfattar soleis ikkje ansvar for personskade eller tingskade, her medrekna økonomisk tap som fylgje av slik skade.

G.3 Når styreansvarsforsikringa gjeld

G.3.1 Dersom ikkje anna er avtalt, må:

a) erstatningsansvaret for formuesskaden, vere reist mot sikra eller Selskapet i forsikringstida, og:

b) grunne seg på handling eller forsøming gjort etter at forsikringa trådde i kraft.

G.3.2 Erstatningskravet vert sett på som reist på det tidligaste av fylgjande tidspunkt:

- Når sikra eller Selskapet fyrste gong mottar skriftlig krav om erstatning.
- Når sikra eller Selskapet fyrste gong mottar skriftleg melding som gjeld omstende som ein kan vente vil føre til at erstatningskrav vert reist mot sikra eller Selskapet.

G.3.3 Dersom kravet grunner seg på forsøming, reknast forsøminga i tvilstilfelle som skjedd den dag handlinga seinast måtte vere gjort om tapet skulle blitt unngått.

G.3.4 Alle erstatningskrav som vert framsett mot ein eller fleire sikra som fylgje av same handling eller forsøming, reknast som eit skadetilfelle og vert vist til det tidspunkt det første kravet vert reist, jf pkt G.3.2.

G 3.5 Forsikringa omfattar også erstatningskrav som vert varsla eller sett fram etter at sikra sin funksjon har opphøyr, førsetnad at kravet grunnar seg på handlingar eller forsøming er gjort før opphørstidspunktet.

G.4 Kva styreansvarsforsikringa ikkje omfattar
Forsikringa omfattar ikkje ansvar:

G.4.1 for formuesskade som fylgje av forureining eller deponering av avfall.

G.4.2 for formueskade voldt ved forsett.

G.4.3 for tap som fylgje av overtreding av reglar om skatte- og avgiftstrekk og betaling.

G.4.4 for formuesskade voldt ved utruskap eller anna ureieleg forhold.

G.4.5 for ærekrenking eller opppreisning, her medrekna etter Lov av 13.juni 1969 nr 26 om skadeserstatning paragraf 3-5 og 3-6 eller for bøter o.l, her medrekna "Punitive Damages" eller "Exemplary Damages".

G.4.6 for formueskade som skuldast at sikra har forsømt å teikne, eventuelt halde i kraft, adekvate forsikringsordningar.

G 4.7 for erstatningskrav som er grunna med at sikra har skaffa seg eller andre ei vinning som sikra eller andre ikkje har krav på.

G 4.8 for erstatningskrav mellom sikra under same forsikring.

G.5 Forsikringssum og Eigendel

G 5.1 Forsikringssummen er: Kr 1.000.000,- og utgjer Selskapet si samla utbetalingsplikt, inklusive sakskostnader for alle erstatningskrav for formueskader som vert reist mot sikra i løpet av eit og same forsikringsår.

G.5.2 Sikra sin eigendel er kr 15 000 ved kvart skadetilfelle, medan den samla eigendel for alle sikra som vert gjort ansvarleg for dei same handlingane eller forsømingane er avgrensa til kr.60.000.

G.6 Sikringskrav

Fylgjer ved overtreding av avgrensingar og andre personar sin handling med verknad for sikra, sjå pkt. D.5.

G.7 Sikra sine plikter ved skadetilfelle

Formueskade som kan ventes å føre til erstatningskrav, skal meldast Selskapet snarast muleg. Når erstatningskrav er reist mot sikra, plikter sikra:

- omgåande å gje Selskapet alle opplysningar som er viktige for saka si behandling.

- for eigen kostnad å utføre dei undersøkingar og utredningar som Selskapet finn nødvendig, samt møte ved forhandling og rettargong.

Dersom sikra utan Selskapet sitt samtykke innrømmer erstatningsplikt eller forhandlar om erstatningskrav, er dette ikkje bindande for Selskapet.

G.8 Behandling av erstatningskrav

Når eit erstatningskrav som er omfatta av forsikringa kjem over den avtala eigendelen, ligg det til det Selskapet å:

- utrede om erstatningsansvar ligg føre.
- forhandle med kravstillaren.
- om nødvendig prosedere saka for domstolane.

Selskapet betaler dei nødvendige kostnadene for avgjersle av erstatningsspørsmålet, jf dog pkt G.5.1.

Dersom erstatningskravet og/ eller grunnlaget for dette dels er omfatta av forsikringa og dels fell utanfor, vert kostnadene fordelt etter partane sine økonomiske interesse i saka. Er Selskapet villig til å forlike saka eller stille forsikringssummen til disposisjon, svares det ikkje for kostnader som seinare kjem til. Selskapet har rett til å betale ei kvar erstatning direkte til skadelidt.

G.9 Regress

Har sikra ikkje halde 1-årsfristen for å gje melding om forsikringstilfellet til selskapet (jf FAL par 8-5, 1. ledd), har Selskapet rett til regress mot sikra i dei tilfella der Selskapet har utbetalt erstatning direkte til skadelidt.

H UNDERSLAGSFORSIKRING

H.1.1 Kva underslagsforsikringa omfattar

Forsikringa omfattar direkte økonomiske tap jf pkt H.1.2, som sikra vert påført ved at tilsette lønna direkte av sikra eller personar som sitter i burettslaget/sameiget sitt styre beviselig har gjort seg skuldig i ein eller fleire av fylgjande straffbare handlingar overfor sikra:

- Dokumentfalsk, underslag, tjuveri, bedrageri og utruskap, jf Almindelig borgerleg straffelov (Straffeloven) av 22. mai 1902 nr 10, para 179 - 190, 255 - 258, 270 - 271a, 275 og 276
- Med føresetnad at vedkomande har handla i den hensikt å skaffe seg sjølv eller andre enn sikra ein uberettiga, direkte økonomisk vinning utover forfremming, lønnstillegg, bonus e.l

Tapet vert dekt sjølv om gjerningsmannen var sinnsjuk eller bevisstlaus i gjerningsøyeblikket, jf Straffeloven nr. 10 par 44.

H.1.2 Direkte økonomisk tap

Med direkte økonomisk tap er meint kronebeløpet/verdien som er fråvendt sikra ved handling som nemnt i H.1.1. Rentetap frem til 2 månader etter at forholdet er meldt Selskapet, inflasjonstap, disponeringstap og liknande tap sikra lider ved ikkje å kunne disponere beløp/verdiar er ikkje dekkja.

Gjeld tapet gjenstandar, vert verditapet og erstatninga fastsett på same måte som for brannskadde ting som vert kjøpt att - jf pkt C.2.1.

Det skal gjerast frådrag for den vinning/forteneste sikra eventuelt har hatt i samanheng med den handling som er gjort.

H.1.3 Når forsikringa gjeld

Forsikringa omfattar berre tap som skriv seg frå handlingar som er gjort i forsikringstida. Det vert rekna som eit forsikringstilfelle når tap oppstår ved at:

- fleire personar i samarbeid har utført handlinga, eller
- same person har utført fleire handlingar

Dette gjeld også om handlingane er utført i forskjellige forsikringsår og omfattar fleire straffbare forhold.

Er forsikringsvilkåra endra i den perioden dei straffberre handlingane er skjedd, er det forsikringsvilkåra på det

tidspunkt då den første straffberre handlinga vart gjort, som skal brukast.

H.2 Kva underslagsforsikringa ikkje omfattar

Forsikringa omfattar ikkje tap som sikra er påført ved handlingar i forsikringstida som har tent til å dekke tap påført sikra ved handlingar gjort før forsikringa trådde i kraft.

H.3 Forsikringssum

Forsikringssummen er kr 100.000 og angir Selskapets samla utbetalingsplikt for kvart forsikringstilfelle.

H.4 Eigendel

Sikra sin eigendel for kvart forsikringstilfelle er kr. 7500

H.5 Sikra sine plikter ved forsikringstilfelle

Er forsikringstilfellet skjedd, skal sikra utan ugrunna opphald melde frå til Selskapet. Når sikra vil gjere krav gjeldande mot Selskapet i samsvar til forsikringa, skal sikra kostnadsfritt for Selskapet:

- omgåande gje Selskapet alle opplysningar som har noko å seie for saka si behandling
- legge fram nødvendig dokumentasjon av tapet
- omgåande melde det forhold forsikringstilfellet omfattar til påtalestyresmakt og sette fram nødvendig påtalekrav, samt fremje erstatningskravet overfor den skuldige på dømt i straffesaka. I særskilte tilfelle kan ein late vere å melde forholdet etter avtale med Selskapet.
- foreta den nødvendige pågang (inkludert sivil arrest) overfor den skuldige for å få denne til å gjøre opp tapet, inntil Selskapet eventuelt har dekkja tapet og sjølv kan foreta den nødvendige pågang (jf pkt H.6.3)

Forsikringa omfattar likevel direkte utlegg i samband med slik pågang.

H.6 Utbetaling av erstatning og oppgjer frå den skuldige.

H.6.1 Erstatninga vert utbetalt så snart Selskapet har hatt rimelig tid til å klarlegge forsikringstilfellet og rekne ut erstatninga.

Utbetaling skal ikkje utsettast i påvente av offentlig behandling av ein eventuell straffesak mot den skuldige med mindre dette er nødvendig for å fastslå om tapet er omfatta av forsikringa eller for å rekne ut erstatninga. Er det på eit tidligare tidspunkt på det reine at Selskapet skal betale i alle fall ein del, vert det likevel utbetalt eit tilsvarande forskot.

H.6.2 Det skal gjerast frådrag for beløp sikra kan motregne overfor den skuldige.

H.6.3 Vert det gjort oppgjer under forsikringa, trer Selskapet, så langt oppgjeret rekker, inn i den sikra sine erstatningskrav overfor den skuldige. Kjem det inn midlar frå den skuldige, går disse til dekning av Selskapet sine erstatningsutbetalingar føre dekning av sikra sine eigendel

I YRKESKADEFORSIKRING

Når forsikringstakar kortvarig og tilfeldig er å sjå på som arbeidsgivar etter Lov om yrkesskade-forsikring, paragraf 2a, hefter Selskapet overfor skadelidne, som etter lova sin paragraf 2b er å vurdere som arbeidstakar. Denne regel

gjeld også for burettslaget sine styremedlemmar i den utstrekning desse er omfatta av loven.

Med kortvarig og tilfeldig er her meint at ein i løpet av eit kalenderår har arbeidstakarar som til saman utføre inntil 1/3 årsverk for burettslaget. Burettslaget/sameiget plikter likevel å teikne særskilt forsikring for alle arbeidstakarar som ikkje er tilsett tilfeldig og kortvarig.

J RETTSHJELPFORSIKRING

J.1 Utgifter Selskapet dekker

J.1.1 Hovudregel.

Når sikra er part i tvist, dekker Selskapet nødvendige utgifter til advokat, retten, sakkyndige og vitne.

J.1.2 Utgifter til rettsbehandling.

Utgifter til voldsgiftsdommarar vert ikkje dekt. Utgifter til sakkyndige som ikkje er oppnemnt av retten, vert dekt berre når utgiftene på førehand er godkjent av Selskapet. Utgifter til vitne vert dekt berre ved hovudforhandling og bevisopptak.

Idømte sakskostnader vert ikkje dekt. Rettsgebyr i ankeinstans vert heller ikkje dekt. Reglane om anke gjeld også ved bruk av andre rettsmidlar. Tilkjente sakskostnader går til frådrag. Likevel vert dekt slike sakskostnader når sikra kan godtgjere at motparten ikkje er søkegod.

J.1.3 Sakskostnader ved forlik.

Vert det semje om forlik ved at sikra sine krav i det vesentlige er tatt til fylgje eller etter at sikra ved dom har blitt tilkjent sakskostnader, må sikra på førehand ha godkjenning frå Selskapet dersom det skal avtale i forliket at kvar av partane skal bere sine egne kostnader. Utan slik godkjenning frå Selskapet går tilkjente sakskostnader i dommen til fråtrekk i erstatninga.

J.1.4 Kva domstol tvisten må høyre inn under.

Twisten må høyre inn under dei alminnelege Domstolane eller husleigeretten og ha oppstått medan forsikringa var i kraft.

J.1.5 Tvist oppstått før forsikringa trådde i kraft.

Utgiftene til rettshjelp vert ikkje dekt dersom sikra når forsikringa tek til å gjelde var kjent med det som seinare vert tvistegrundlag, og forstod eller måtte forstå at tvisten kunne oppstå.

J.2 Utgifter Selskapet ikkje dekker.

Selskapet dekker ikkje utgifter ved

1. tvist som har samanheng med sikra si næringsverksemd.
2. tvist som aleine høyrer inn under namsmann, bortsett frå tvist i husleigeforhold.
3. tvist som gjeld inkassosak der fordringa er ubestridt, gjeldsforhandlingssak og sak som gjeld konkurs- eller akkordforhandling dersom sikra er konkurs- eller akkordskyldnar.
4. tvist som gjeld motorvogn, arbeidsmaskin med eige framdriftsmaskineri eller når sikra er part i eigenskap av eigar, førar eller brukar av slik.
5. straffesak, ærekrenkingssak og erstatningskrav i slike saker, samt sak om erstatningsplikt etter skadeerstatningsloven paragraf 3-3 (visse personlege krenkingar) og paragraf 3 - 6 (krenking av privatlivets fred).

6. ekspropriasjonssak eller skjønnsak der sikra søker å erverve rettighet over annan eigedom

7. tvist som gjeld offentlig forvaltningsvedtak. Likevel vert dekt utgift ved søksmål når den administrative klagemuligheit er fullt utnytta.

I tilknytning til søksmål er ei kvar utgift pådrege under forvaltningsbehandlinga unnateke frå dekning.

8. tvist der sikra er part i styre eller styremedlem.

J.3 Forsikringssum og Eigendel.

J.3.1 Forsikringssum.

Den samla erstatning ved kvar tvist er avgrensa til: kr 250 000 sjølv om det er fleire partar på same side. Dette gjeld også om partane har rettshjelpsforsikring i forskjellige selskap, eller om den/dei sikra har rettshjelpsdekning under fleire forsikringar i eit eller fleire selskap. Selskapet sitt ansvar er under eit kvart omstende avgrensa til den økonomiske verdi av sikra sin interesse i saka, dersom utgiftene ikkje er godkjent av Selskapet på førehand.

J.3.2 Eigendel

Eigendelen er kr 10 000 med tillegg av 20% av det overskytande pr tvist.

J.4 Skadeoppgjjer

1 Vil sikra søkje erstatning under rettshjelpsforsikringen, må Selskapet underrettast snarast mogleg og seinast eit år etter at advokat er engasjert. Underretninga skal skje skriftleg. Dersom advokat vert nytta under den offentlege forvaltningshandsaminga eller for særdomstol, reknast fristen for melding til selskapet frå det tidspunkt der den offentlege forvaltningsbehandling er fullt utnytta eller saken vert bringa inn for dei alminnelege domstolane.

2 Sikra vel sjølv advokat som etter saka sin art og sikra sin bustad passar for oppdraget.

3 Sikra plikter å avgrense utgiftene til rettshjelp mest muleg og ber sjølv kostnader pådrege utan rimeleg grunn. Er det fleire partar på same side med likearta interesser, kan Selskapet krevje at disse nyttar same juridiske og tekniske bistand.

4 Selskapet kan krevje å bli halden underretta om omfanget av dei utgiftene som vil verte kravd dekkja under forsikringa. Sikra skal informere Selskapet om kva utgifter som er komne til under eventuell behandling i særdomstol, eller under eventuell forvaltningsbehandling av klage på offentlig forvaltningsvedtak.

5 Ved krav om oppgjjer har Selskapet den same rett som sikra til å få dokumentert korleis advokaten har rekna ut sitt salær. Før endelig oppgjjer kan finne stad, kan Selskapet krevje dokumentasjon for at eigendel er betalt.

6 Spørsmål om utgiftene er rimelege kan leggest fram for Den Norske Advokatforening.

7 Selskapet kan for elles krevje at sikra krev salæret fastsett av retten i samsvar til tvistemålslovens par 52.

K DUGNADSFORSIKRING

K.1 Kven forsikringa omfattar

Forsikringa omfattar burettsinnehavar, burettsinnehavar sine faste husstandsmedlemmer, samt burettsinnehavar sine eventuelle leietakarar inntil fylte 75 år.

K.2 Kvar forsikringa gjeld

Forsikringa gjeld i Noreg.

K.3 Når forsikringa gjeld

Forsikringa gjeld under organisert, felles dugnadsarbeid, utført for burettslaget av burettslaget sine medlemmer, deira faste husstandsmedlemmer og burettshavaren sine eventuelle leietakarar.

Forsikringa gjeld ikkje for:

Utføring av innvendig vedlikehald etter Husleige kontrakten sine reglar.

K.4 Forsikringssum

Forsikringssummane er:

Kr 50.000 - ved død.

Kr 100.000 - ved 100% medisinsk invaliditet.

Ved delvis invaliditet tilsvarande mindre del av beløpet.

K.5 Kva skader Selskapet svarer og kva avgrensingar som gjeld

Selskapet svarer for ulykkesskade, som under utføring av dugnadsarbeid for burettslaget, rår den forsikra. Med ulykkesskade er meint skade på lekamen forårsaka ved ein brå og ytre hending - ulykkestilfelle - som skjer i forsikringstida. Skade på sinnet, f.eks. sjokk, vert ikkje rekna som ulykkesskade, med mindre det samtidig er oppstått lekamsskade som medfører livsvarig og erstatningsmessig invaliditet. Har den forsikra forsettlig framkalla forsikringstilfellet, er Selskapet ikkje ansvarlig. Selskapet er likevel ansvarlig dersom den forsikra på grunn av alder eller sinnstilstand ikkje kunne forstå rekkevidda av si handling.

K.5.1 Aktlaus framkalling av forsikringstilfellet.

Har den forsikra i grov aktløyse framkalla forsikringstilfellet eller auka skaden sitt omfang, kan Selskapet sitt ansvar verte sett ned eller falle heilt bort. Det same gjeld dersom den forsikra i grov aktløyse har framkalla forsikringstilfellet ved overtreding av avgrensingar. Ved avgjerda skal det leggest vekt på skuldgrada, skadeforløp, om forsikra var i sjølvforskyldt rus, Kva verknad nedsettinga eller bortfall av ansvaret vil få for den som har krav på forsikringa eller for andre personar som er økonomisk avhengige av ham eller henne og forholda elles. I andre tilfelle enn som nemnt i første ledd, kan Selskapet ikkje hevde at den forsikra i aktløyse har framkalla forsikringstilfellet.

Selskapet kan ikkje hevde at reglane i første ledd gjeld dersom den forsikra på grunn av alder eller sinnstilstand ikkje kunne forstå rekkevidda av si handling.

K.6 Avgrensingar

Når et skadetilfelle er skjedd, skal den forsikra snarast søkje lege, underkaste seg nødvendig behandling og fylgje legen sine forskrifter.

K.7 Skadeoppgjjer

For skadeoppgjjer gjeld same reglar som nemnt under reglar for førarulykkesforsikring, sjå pkt K.5.5.